

# Månadens frivillig april

Nominasjonsteksten frå Ronja Glesnes:

**Kven representerar du?:** lag/organisasjon

**ditt/ditt lags namn\*:** Glesnes ungdoms- og idrettslag

**E-post\*:** [ronjasglesnes@gmail.com](mailto:ronjasglesnes@gmail.com)

**Kven nominerar du?\***: Halvard Kallestad

**Gje oss ein kort presentasjon av denne personen. Kva jobbar han/hun med? Kor lengje har han/hun vore frivillig? Er han/hun frivillig i fleire organisasjonar?\***

Halvard Kallestad er og har vore eit heilt usedvanleg aktivt og samlande medlem av Glesnes ungdoms- og idrettslag i ei årrekkje, i alt frå revyngjengen som ideskapar og fast plass i husbandet, til kurshaldar i sjøsport og i snekring/vedlikehald og grøfting og stibygging.

Frå Glesnes ungdoms- og idrettslag etablerte Sjøsportsenteret Sjøvang i 2012, har Halvard vore heilt sentral i å drive aktivitetane ved senteret og utvikle det vidare. Sjøvang blir brukt av enkeltmedlemmar, dei tre allidrettsgruppene til laget, skular og andre. Her er utstyr som mellom anna SUP, kajakk, vannski, windsurf, wakeboard, kano, tube, båt, redningsvestar og vådraktar. Halvard har koordinert utleige av utstyr og bruk av senteret sidan starten. I praksis betyr det at han svarar på førespurnader frå medlemmar og andre kontinuerleg, følgjer opp vedlikehald og oppgradering av utstyr mellom anna med søknadar til sponsorar og støttespelarar. Han er også sentral i å drive samarbeid med andre miljø for sjøsport lokalt og elles.

Han driv også kurs store delar av året i ulike aktivitetar, som td. Windsurfing, wakeboarding og foil. Hovudmålgruppa er barn og unge, men Halvard har også kurs for vaksne, som trenarane for allidrettsgruppene. Han samlar dessutan både og vaksne til felles samankomstar for å teste og leike seg med sjøsport.

Frå Spildahallen i Spildepollen skule blei opna hausten 2019, har også Halvard stått i spissen for å kurs og aktivitetar for barn og unge i klatreveggen her.

Pandemien har laga utfordringar for å oppretthalde aktivitetar mange stadar, men Sjøvang har hatt ope for utleige av mesteparten av utstyret, og Halvard har halde fram med kurs og samlingar både i sjøsport og klatring, med naudsynte tilpassingar. Denne ekstra innsatsen for å oppretthalde aktivitetar for barn og unge desse åra, veit vi har vore viktig for mange.

Halvard har i tillegg vore heilt sentral i å bygge opp Sykkelparken i Spildepollen – eit omfattande prosjekt, både i idefase, med søknadar, finansiering, og utallige arbeidstimar. Den forseggjorte sykkelparken med pumtrack og hoppliner i ulik vanskelighetsgrad, lys og utstyr representerer eit breitt gratis aktivitetstilbod for barn og unge i regionen og fantastisk tilskot til omkringliggende skular, barnehagar osb. Parken trekk til seg folk frå heile

regionen og er mykje i bruk! På den offisielle opninga av parken 21. mai hadde det vore flott å dele ut denne prisen for månadens frivillige for Øygarden til Halvard.

Halvard gir seg aldri med nye prosjekt. Vinteren 22 har han stått i spissen for ein ny sykkelsti i terrenget på Glesnes som knyter gamle gardsvegar saman og lagar ei rundløype, til stor glede for svært mange både på sykkel og til fots.

Leik og fellesskap er sentrale stikkord i Halvard sin omfattande frivillige innsats, som svært mange i regionen får nytte godt av. Han gjer alt med glimt i auga, byr på seg sjølv og har ei inspirerande begeistring for det han held på med. Når Halvard arrangerer aktivitetar står det å prøve noko nytt, meistring, og å ha det gøy i lag i fokus! Alt har låg terskel og er for alle! Denne haldninga gjer at barn, unge og vaksne oppdagar og får vere med på aktivitetar som dei elles kanskje ikkje ville ha prøvd.

**Kvifor ønskjer du  
å nominera  
denne personen?**

**\***:

Halvard er ei ildsjel som har brukt og brukar framleis uendeleg med frivillige timar som utruleg mange menneske får glede av!

Glesnes ungdoms- og idrettslag ønskjer å heidre og takke han for den årelange og omfattande frivillige innsatsen, for all leik, blåmerke, inspirasjonen og begeistringa han breier om seg!